



**DET KONGELEGE  
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT**

Stein Malkenes  
Digreneset 40  
6900 FLORØ

Dykkar ref

Vår ref  
14/1702-

Dato

**27 MAI 2015**

**Guleslettene vindkraftverk AS - klage frå Stein Malkenes på NVE sitt vedtak om å avvise klaga**

**Bakgrunn og klage**

Olje- og energidepartementet viser til klage av 12. januar 2015 frå Stein Malkenes, på avvising av klage.

Malkenes klaga i brev av 3. november 2014 på Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sitt vedtak om konsesjonen til Guleslettene vindkraftverk. NVE av slo i brev av 17. desember 2014 klaga frå Malkenes, av di NVE fant at Malkenes ikkje hadde rettsleg klageinteresse jf. forvaltningslova (heretter fvl.) § 28 fyrste ledd.

Malkenes klaga i brev av 12. januar på NVE sitt vedtak om avvising og NVE behandla klaga i tråd med fvl. § 33. NVE fann ikkje grunnlag for å endre konklusjonen, og departementet fekk i brev av 10. februar 2015, klagesaka til behandling.

Malkenes klager i hovudsak på NVE si vurdering av om han har rettsleg klageinteresse.

**Departementet si vurdering**

Part eller annan med rettsleg klageinteresse kan klage på enkeltvedtak , jf.

fvl. 28 fyrste ledd. NVE grunn gir avvisinga med at Malkenes ikkje er grunneigar og heller ikkje har interesser som vil kunne påverkast av vindkraftverket. Om Malkenes har rettsleg klageinteresse i denne saka, bygger på ei heilskapsvurdering. Departementet viser til at det ikkje bør leggjast til grunn ein for streng vurderingsnorm ved tolkinga av fvl. § 28.

Departementet viser til at Malkenes har drikkevasskjelde og beiterettar som ligg i geografisk nærleik til planområdet. Departementet finn at det er knytt noko uvisse til rekkjevidda av

potensielle verknader av vindkraftverket, men at dette er omstende som kan vurderast i sjølve klagesaka. Departementet har under tvil kome til at Malkenes har rettsleg klageinteresse i dette tilfellet, jf. forvaltningslova § 28 fyrste ledd.

Departementet vil i klagesaka om Guleslettene vindkraftverk ta til behandling klaga av 3. november 2014 frå Svein Malkenes.

### **Konklusjon**

Klaga har ført fram. Departementet har kome til at Malkenes har rettsleg klageinteresse. Vedtaket til departementet kan ikkje klagast på jf. fv1.§ 28 tredje ledd.

Med helsing



Tollef Taksdal (e.f.)  
underdirektør



Nina Helene von Hirsch  
rådgjevar

Kopi til:

Norges vassdrags- og  
energidirektorat  
Guleslettene vindkraft AS